

Årsplan 2025-2026

Velkomen til Bjørketeigen barnehage!



Tett inntil skogen på toppen av Vavollen i Øystese ligg Bjørketeigen barnehage – me har dei mest fantastiske tur og leikeområda rett utforbi døra.

Me skapar gode barndomsminne og livsglede

Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande miljø der dei opplever meistring.



Velkomen til Bjørketeigen barnehage!


Bjørketeigen barnehage ligg flott til øverst på Vavollen, i Øystese. Barnehagen har eit stort uteområde som er prega av skog og natur. Me har lett tilgang til fine turar i skog og mark for alle aldersgrupper. Barnehagen har opparbeidd 3 områder i skogen i nærområdet til barnehagen der me har lavvoar og eit grindverksbygg. Her er barnehagen på turar gjennom heile året; borna leikar, driv med ulike pedagogiske aktivitetar, lagar mat og skapar gode barndomsminne!

Me som jobbar i Bjørketeigen barnehage er 😊

Ann-Kristin S Bråten		Styrar
Kari Urheim		Pedagogisk leiar
Marco de Christafaro		Assistent
Torhild Skei		Assistent
Ida Gule Kolltveit		Pedagogisk leiar
Bodil Lie Øyri		Barnehagelærar
Elisabeth Joensen		Fagarbeidar
Linda Soldal		Assistent
Agnethe Anfinsen Vik		Pedagogisk leiar
Ida Neteland Rykkje		Barnehagelærar



Else Linn Aksnes Aalvik		Barne og ungdomsarbeidar
May Britt Strømme		Pedagogisk leiar
Veronica Børve Steinstø		Barne og ungdomsarbeidar
Heidi Milje		Barnehagemedarbeidar
Lena Sørstrømme Olsen		Barnehagelærer
Anette Rubin		Assistent
Tonje Fjellro		Helsefagarbeidar /tilretteleggjingsressurs
Sigrd Valland Flotve		Pedagogisk leiar
Linda Selsvik Steine		assistent
Tesfatsion Mebrathu		Helsefagarbeidar
Signe Jordalen		Barne og ungdomsarbeidar / tilretteleggjingsressurs
Aina Linde		Barnehagelærer / tilretteleggjingsressurs
Elisabeth Gjuvsland		Pedagogisk leiar




Erna U Aasprang		Barnehagelærer
Rita Kleiven		Barne og ungdomsarbeidar
Hilde Midthus		Barne og ungdomsarbeidar
Egil Rasch-Halvorsen		Barnehagelærer/tilretteleggingsressurs
Tone Mabel Høysæter		spesialpedagog
Hanne Sæhle Pedersen		spesialpedagog
Nora Øvsthus		spesialpedagog
Sabine		Reinhaldar

Me ynskjer alle barn, føresette, samarbeidspartnarar og tilsette velkomen til Bjørketeigen barnehage!

Verdi plattform

Engasjerte , tilstades og tilgjengelege personal som viser at dei likar jobben sin og der desse verdiane er i fokus:

- **Likeverd :**
 - Me er bevisste personal som verdset alle barn, føresette, kollegaer og samarbeidspartnarar på ein tydeleg, varm, raus og relasjonell måte.
 - Me gjev alle barn like muligheter for lek, meistring og utvikling – der mulighetane er basert på barnas egne forutsetningar.
 - Alle dei ulike roller i personalgruppa er viktige for at organisasjonshjulet skal gå rundt på best mogleg måte.






- **Respekt :**

- Personalet respekterer at alle har ulike behov.
- Læra borna å respektera kvarandre og dei vaksne. Me høyre etter når barna snakkar og prøver å forstå kva dei meiner.
- Me høyrer etter når kollega snakkar og prøver å ta den sitt perspektiv.
- Personalet er inkluderande og interessert i alle og behandlar alle , barn og kollega, slik du sjølv vil verta behandla.
- Personalet har alltid barnets beste i fokus.
- Aksept og respekt for ulike meiningar, kulturar og religionar er sentralt i vår verksemd.



- **Inkluderande fellesskap :**

- Alle skal verta sett og høyrte.
- Vaksne som rommar og ser alle, og inviterer alle inni fellesskap.
- Personalet har eit ope kroppsspråk.
- Ingen snakkar nedlatande og /eller baksnakkar nokon.
- Barnehagen har felles aktivitetar som td måltid, felles samlingar, nyttar leikeplassane saman med andre avdelingar og basar.
- Personalet seier "Hei" og «hade» til alle på sin veg .





Barnehagen si organisering

Styrar: Ann-Kristin S Bråten

Epost: akst@kvam.kommune.no

Tlf: 93097710

	SMÅBARN - AVDELINGAR				STORBARN - AVDELINGAR		
	Grøn base		Oransje base		Lilla base		
Avdelingar	Bringebær skulestartarar	Solbær 3 åringar	Blåbær 4 åringar	Jordbær 4 åringar	Bjørnebær 1-2 åringar	Rognebær 1-2 åringar	Tyttebær 1-2 åringar
	<u>Tlf nummer</u> 95872639 90404958	<u>Tlf nummer</u> 90083674 94010935	<u>Tlf nummer</u> 97967011 90172915	<u>Tlf nummer</u> 91109428 48068121	<u>Tlf nummer</u> 46936032 46936032	<u>Tlf nummer</u> 94140674 90101198	<u>Tlf nummer</u> 91643987 90261276

Barnehagen brukar kommunikasjonsløyisinga MyKid

Her finn du nyheitsbrev frå barnehagen, informasjon frå avdelinga og dagen i dag, invitasjon til foreldremøte og foreldresamtalar, løyveskjema, årsplanar mm

Frammøte, frávær, fridagar, ferie ol vert registrert i MyKid. Me ber dykk leggja inn på MyKid så snart du veit om barnet ditt kjem i barnehagen eller ikkje når det gjeld haustferien og vinterferien til skulen , men også dersom barnet er sjuk og ikkje skal i barnehagen. Å leggja inn levering og hentetid er





særleg viktig i periodar med stort sjukefråvær i personalet, då kjennskap til levering og hentetider hjelper oss når me skal organisera dagane.

På heimesida til kvam.no finn de mellom anna:

- Korleis søkja plass i barnehage (digitalt)
- Vedtekter for barnehagane i Kvam herad
- Barnehageruta (kortid barnehagen er stengt, ferie mm)
- Informasjon om Trygt og godt barnehagemiljø

Foreldrebetaling

- Det er forskuddsbetaling.
- Matpengar kjem i tillegg.
- Ved for sein henting, dersom barnet ikkje er teken med ut av barnehagen til kl 1630, vert det lagt på eit gebyr på 250,-. Gebyret kjem på foreldrebetalinga.
- Max opphaldstid tid for eit barn i barnehagen i Kvam er 9 timar.
- Ved låg inntekt er det høve å søkja om redusert foreldrebetaling. Informasjon finn de på [Barnehage - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no) eller kontakt styrar.



Året rundt i Bjørketeigen barnehage

August – november

Tilvenning

Bli kjent med heile barnehagen , både området, alle barna og personalet.

Brannvern

Haust og skogen i nærmiljøet

Desember – februar

Måndag 1.desember adventskos med føresette kl 1445-1545

Markering av Lucia fredag 12.desember

Nissefest onsdag 17.12

Stine Sofie opplegg, kroppen min

Skogen i nærmiljøet om vinteren

Felles samling på møterommet
24.10.25

Fellessamlingar med jevne mellomrom gjennom året.

Gjennom heile året jobbar me med desse tema:

Natur og uteliv

Språk

Inkluderande fellesskap

Trygt og godt barnehagemiljø

Læring gjennom lek

Sosial kompetanse og meg sjølv

Trafikksikker barnehage

Skogen i nærmiljøet

Kvar avdeling legg til rette for at tema er tilpassa aldersgruppene.

Felles fredagsdisko
1.fredagen i månaden kl 10-1045.

Mars – mai

Forut veke 8-10

Barnehagedag tysdag 10.mars – foreldrekaffi.

Tema for dagen er inkludering og fellesskap.

Påskefest – onsdag 25.mars

17.mai markering vert 13.mai

Skogen i nærmiljøet om våren

Juni + juli


Forslag til sommarfest 11.juni

2026 kl 1430-16

Skogen i nærmiljøet om sommaren



Natur og uteliv i Bjørketeigen barnehage!



Leirplassen i Åsen



Skulestartarar på tur til Golfbanen

Fagområdet: Natur, miljø og teknologi.

Rammeplanen seier:

«Personalet skal leggje til rette for mangfoldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for lek, undring, utforsking og læring

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringer med naturen som fremmer evnen til å orientere seg og oppholde seg i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få et mangfold av naturopplevelser og få oppleve naturen som arena for lek og læring».

Natur og uteliv er eit kjenneteikn på Bjørketeigen barnehage. Skogen i nærmiljøet er eit prosjekt i år.

Borna er kroppsleg aktive og uttrykkjer seg gjennom kroppen. Gjennom kroppslege aktivitetar lærer borna å kjenna seg sjølv og omverda. Barnehagen har opparbeidd 3 områder i skogen i nærområdet til barnehagen der me har lavvoar og eit grindverksbygg. Her er barnehagen på turar gjennom heile året; borna leikar, driv med ulike pedagogiske aktivitetar, lagar mat og skapar gode barndomsminne! Dei yngste barna sit sjeldan i vogn lenge om gongen, og dei går sjølve så snart dei kan. Barnehagen har ei turløype for dei yngste barna som me kallar skogstiløypa og/eller muskelturen.

Dei eldre barna går lengre turar, eller er største delen av dagen ved eit av lavvoområda.


Mange avdelingar går også lengre turar i løpet av barnehageåret.

Me jobbar for å få natur og uteliv integrert i alle avdelingar, slik at alle barna, uansett alder, får natur og uteopplevingar gjennom heile barnehagetida.

Alle avdelingar skal ha to tur/utedagar i veka. Nokon gonger er det korte tutleturar i skogen/nærmiljøet der utforsking er målet. Andre gonger går gruppene på dagsturar td til Neshagen. Opplevingar ute i naturen, gjev også ro og kvila . Mange finn nye relasjonar når dei er ute. Rommet for lek og utforsking vert større og det er ofte færre konflikhtar.

Vidare er det eit poeng at alle, både små og store, finn glede i naturen og på den måten tek ansvar og bidreg til bærekraft. Dette barnehageåret skal me ha ekstra fokus på skogen rundt i nærmiljøet.







Fagområdet Språk, tekst og kommunikasjon
Rammeplanen:

Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, herunder tegnspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvarden, og alle barn skal få delta i aktiviteter som fremmer kommunikasjon og helsevitlig språkutvikling.




Tidleg og god språkstimulering er ein svært viktig del av barnehagen sitt innhald. Språk er eit felles satsingsområde for alle barnehagane i Kvam.



Gjennom lesing, samtale, benevning og å vera sensitiv overfor barna sine behov bidreg barnehagen til god språkutvikling

Forskning viser at eit godt utvikla språk og eit stort ordforråd i tidleg alder gjev barna eit betre grunnlag for vidare læring i skulen.

Gjennom ulike aktivitetar jobbar me med språket på dei ulike avdelingane.



- Me leser bøker og tilbyr bøker som barna sjølve kan sjå i – avdelingane nyttar biblioteka i Kvam og lånar jevnleg bøker der. Barnehagen har også eit bibliotek som vert brukt til ulike gruppeaktivitetar. Me jobbar med å byggja opp biblioteket med fleire nye bøker, her er me så heldige at Kvam Mållaget gjev barnehagane nynorske bøker innimellom.
- Me øver på teikn til tal (både ord og songar)
- Me spelar spel
- Bruka rim og regler på ulike måtar
- Bruka tankekart
- Setja ord på ting – benevna, personalet nyttar visuell støtte og bilete
- Personalet som gode og bevisste språkmodellar
- Alle avdelingar har språkgrupper
- Dramatisera
- Bruka eventyr og andre forteljingar til å skapa felles leiketema, til samtale tema, å læra nye ting
- Me syng mykje
- Har gode og planlagde samlingstunder
- Gjera borna kjend med bokstavar og lydar gjennom arbeidet med leikbasert læring
- Læra regelleikar
- Pusslespel
- Rolleleik
- Jobba med tema; td Meg sjølv; følelsane mine og kroppen min




**Rammeplanen om leik:**

Leiken skal ha en sentral plass i barnehagen, og leiken sin eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.

I barnehagen ynskjer me at fokus på leik viser igjen på denne måten:

- Det skal vera klare leikesoner som «fristar» barnet til roleg aktivitet og leik når det kjem om morgonen.
- Me ynskjer å utvikla leikemiljøet i barnehagen til å verta meir inspirerende, både ute og inne.
- Å leika saman med andre og forhalda seg til alle sosiale reglar som leiken har – er av stor og viktig betydning for utvikling av sosial kompetanse og for opplevelsen av å vera ein viktig del av fellesskapet.
- Me rullerer på ein del leiker, slik at alle avdelingar ikkje har dei same leikene heile året
- Me arbeider for at borna skal læra å «ta vare på» leikene ,behandla dei fint – me kan ikkje alltid «kjøpa nytt» jmf bærekraft.
- Personalet skal vera medvitne si eiga rolla og til ei kvar tid vurdere om ein skal delta i leiken eller ikkje
- Personalet skal ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle barn kjem inn i leik, både inne og ute.






Leikbasert læring

Leikbasert læring er ein kombinasjon av frileik og leikbaserte læringsaktivitetar tilrettelagt av vaksne. Studiar viser at det er slik barn lærer best.

Trygge og varme relasjonar ligg i botn på all læring.

Opplegget leikbasert læring som er utvikla for dei eldste i barnehagen gjev barna ein stor læringsgevinst. Ny forskning viser at denne gevinsten er der framleis eitt år etter skulestart. I 2019-2020 vart det bestemt at barnehagane i Kvam skulle bruka dette opplegget inn mot skulestartarane, slik at dei skulle få eit mest mogeleg likt tilbod året før skulestart.







- Kvalitet for oss i Bjørketeigen barnehage er:
 - Personal som opptrer profesjonelt og som føl planar og lovverk.
 - Personal og barn og føresette er ulike – men me prøver alltid å spela kvarandre gode.
 - Personalet nyttar erfaringar og fagligheit for å skape kvalitet -det skal alltid vere ein grunn til at me gjer ting slik me gjer det.
 - Me drøftar «kva er det å gje det lille ekstra!?
 - Det er høg kvalitet i flotte turområde!
 - Tilgjengeleg og engasjerte personal skal vera kvalitet.
 - Lærande personal som utviklar barnehagen som pedagogisk verksemd – er kvalitet!




- Barns medverknad:
 - Barna får vera med å påverka kvardagen sin gjennom vaksne som lytter til innspel, idear og meiningar som barna har.
 - At deira stemme vert lytta til, men ikkje nødvendigvis at det blir nett som dei har sagt.
 - I frileiken kjem borna sin medverknad tydeleg fram, då kan dei bestemma kva dei ynskjer å leika med.





Skulestartarane har fått ønska seg ein drøymedag i barnehagen.

- Barns medbestemmelse:
- Nokon ting får borna vera med å bestemma, for eksempel kva pålegg ein vil ha på skiva, kor me skal gå turar, songar, bøker, osv...
- Borna får bestemma innanfor ei viss ramme.
- Borns medbestemmelse kan vera at barnet får vera med å bestemma, at avgjerda ikkje er tatt før barnet sitt synspunkt er tatt med i betraktninga. Barnet kan aktivt påvirka og delta i prosessen når noko skal bestemmast.



Barnehagen som pedagogisk verksemd



PLANAR – planar for pedagogiske opplegg

Me lagar:

- årsplan
- progresjonsplan
- årshjul
- månadsbrev =
 - eit velkomstbrev i august + eit i slutten på november/advenstbrev
 - eit i januar og eitt før 20.juni/ sommar-avslutningsbrev
- fagområdeplan
- Vekerytme m/visuell støtte

GJENNOMFØRING

Me vil:

- gjennomføra planar
- jobbe mot mål
- leggje til rette for borna sitt beste
- observera barnegruppa og miljøet systematisk – korleis ?
- me ser barnet innanfrå
- me nyttar BTI og LP analyse ved uro
- vera fleksible

DOKUMENTERE

Me vil:

- ta bilde og leggja ut på MyKid avdelingssida
- skriva Dagen i dag kvar dag
- skriva opplegg i fagområdeplan og på teams?
- Oppstartssamtalar med nye barn og ved oppstart på ny avdeling?
- Gjennomfører foreldresamtalar – obligatorisk 1 gong i året. Både bhg og føresette kan be om samtalar utanom den obligatoriske.



REFLEKSJON

Me vil og skal:

- reflektere over eigen praksis i kvardagen og på møter, både individuelt og i grupper
- reflektera over tilbakemeldingar frå foreldre
- nytta praksisforteljingar til refleksjon og læring

VURDERING

Me svarar på:

- nådde me måla?
- fekk borna den hjelp og støtte me tenkte dei skulle få?
- kva gjekk bra?
- kva kan evt gjerast betre eller anleis?



Regionalt kompetanseutviklingsarbeid


Bjørketeigen barnehagen vart vurderte av eksterne vurderarar i mars 2025.

I etterkant av rapporten som kom i samband med vurderinga, skal barnehagen jobba med eit utviklingsarbeid.

Me har valgt å jobba med Fellesskap som hovudtema. Rapporten viste oss at nokon barn ikkje opplever seg som ein viktig del av fellesskapet.

Hovudmålsetjinga til utviklingsarbeidet er ikkje heilt klar, men førebels lyder den slik:

«Tilgjengelege, trygge og engasjerte personal skapar fellesskap for alle barna!»



Gjennom refleksjon over eigen og barnehagen sin praksis vil me utvikla oss. Me vil nytta praksisforteljingar som metode. Me ynskjer at alle som brukar barnehagen, både barn , føresette og tilsette kjenner på fellesskapet i barnehagen. I samarbeid med Modgun frå Høgskulen på Vestlandet skal me driva fram dette utviklingsarbeidet det komande året.

For at føresette skal få litt innblikk i kva med jobbar med og korleis me jobbar, har me planlagt å senda ut Nyhetsbrev ca kvar 3 månad.



Foreldresamarbeid

Rammeplan om foreldresamarbeid:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen

vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning for allsidig utvikling jmf barnehagelova § 1

Barnehagen skal leggja til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med føresette.

Foreldremedverknad

Det er viktig for barnehagen at føresette kan vera med å påverka innhald og kvalitet i barnehagen.

Annakvart år i januar gjennomfører me foreldreundersøkjinga

i regi av utdanningsdirektoratet. Her får me ein peikepinn på kva område barnehagen som heilheit, og kva den enkelte avdeling må jobba med for auka kvaliteten på det pedagogiske arbeidet.

Det vert gjennomført 1-2 foreldresamtalar i året (av og til fleire). I samtalane er det alltid mogeleg å koma med tilbakemeldingar. Både bhg og føresette kan be om samtale ved behov. Foreldremøte er viktig arena for medverknad.

Møta i kvardagen vil også gje oss tilbakemeldingar på kva føresette er nøgde med.

Alle føresette kan også nytta seg av SU og representantane der, dersom nokon



ynskjer å ta opp saker.

Alle føresette i barnehagen utgjør FORELDRERÅDET

Foreldrerådet vel 1 – 2 representantar til barnehagen sitt Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet består av 1-2 representant frå dei tilsette, 1-2 frå føresette, ein politisk representant og styrar i barnehagen, som har møte og uttalerett men ikkje stemmerett.

Me ynskjer å få til ein kontinuitet i SU slik at ikkje alle går ut samtidig, dette året er det ein forelder som fortset frå i fjor og ein ny inn i SU.

Samarbeidsutvalet skal vera eit kontaktskapande, rådgjevande og samordnande organ.

Det er SU som godkjenner årsplanen til barnehagen.

Samarbeidsutvalet ved Bjørketeigen barnehage 2025-2026 er :

Katrine Rykkje (foreldrerrepresentant og leiar i SU) tlf 41527341

Øyvind Valland Aarhus (foreldrerrepresentant) tlf 47036378

Kari Urheim (representant for tilsette) tlf 90985374

Veronica Børve Steinthø (for tilsette) tlf 47269601

Ingeborg Mæland Molven (politisk /eigar representant) tlf 97704918

Ann-Kristin S Bråten (styrar) 93097710



Lenke til trafikksikringsplan Bjørketeigen barnehage, her kan du lese om trafikksikringstiltak og arbeid i barnehagen, men også kva barnehagen forventar av dykk føresette når det gjeld trafikksikring.

[Trafikksikringsplan23-25.pdf](#)



Lenke til kommunal årsplan:

[Årsplan for barnehage - Compilo](#)

I den kommunale årsplanen finn det meir om alt dei kommunale barnehagane har til felles.



Me skapar gode barndomsminne og livsglede !



«me er stolte av barnehagen vår»



Må alle få eit fint og trygt barnehageår!

Godkjent av SU 5.november 2025

